



## Hun utfordrer religiøs vold og tvang med film og gateteater

Den pakistanske aktivisten Wagna Feroz får drapstrusler. Hedres med Stefanuprisen 2022.  
Side 12-15

Irak: I møte med IS forstod Tom Holland korsets betydning for kristen tro **4**

Irak: Folkemordet mot jesidiene tar ikke slutt **8** | Syria: Barn får nytt håp **20**

Eivor Oftestad: I Russland byttet kirken ut sannhet med løgn og støtter makten og krigen **16**

Det kjennes som om  
verden er mørkere  
enn vi kan huske.  
Men hva gjør man  
når mørket bryr lyset  
opp til kamp?



Emanuel Youkhana og kollega Sura Jamil Hanna i en leir for fordrevne jesidier etter folkemordet utført av IS. Foto: Pål Brenne

# Velsignelse til de maktesløse

■ **Man kan velge** å sette seg ned og gi opp. Eller man kan prøve å gjøre noe godt fra sitt lille hjørne av verden. Det finnes så mange som gjør det.

Jeg tenker på folk i min egen kirke, på de som på mandagskveldene pakker kasser med mat og kjører ut til familier som trenger det i lokalmiljøet. Jeg tenker dem som stadig er å se med nye landsmenn. Jeg tenker på dem som hver torsdag møtes for å be for en bedre verden. Jeg tenker på dem som usynlig besøker de syke.

Og jeg tenker på vår venn i Irak, Emanuel, som i tillegg til å være prest, leder en hjelpeorganisasjon. Han sier: «Å holde på håp er den største utfordringen for oss alle i Irak. Vi kan holde prekener og snakke fint om det, men når det kommer til stykket er det nesten umulig. Vi er nødt til å materialisere håpet».

Emanuels kall er å gjøre håpet håndfast, gi det tak og vegger og arbeidsoppgaver. Det er så mange som gjør det de kan og lånner styrke til en annen. Her er en velsignelse over disse – og en sendelse. ■



TEKST: JOSTEIN ØRUM, PREST OG FORFATTER

*Gå i fred til dem som du møter.*

*Gå med glede i alt det du gjør.*

*Gå med trøst til din neste som gråter.*

*Gå med omsorg til alle som blør.*

*Må det åpne seg en vei,*

*og nåden bære deg.*

*Gå med fred til urolige hjerter.*

*Gå med varme til der det er kaldt.*

*Gå med lys til de mørkeste kroker.*

*Gå med nåde til den som har falt.*

*Må det åpne seg en vei,*

*og nåden bære deg.*

**Utgiver:**  
Stefanusalliansen

**Adresse:**  
Trondheimsveien 137,  
pb 6603 Rodeløkka,  
0502 Oslo  
post@stefanus.no

**Telefon:**  
23 40 88 00

**Ansv. redaktør:**  
Johannes Morken  
jm@stefanus.no

**Redaksjon:**  
Marianne Haugerud  
Birgitte Moe Olsen  
Hilde Skaar Vollebæk

**Forsidefoto:**  
Gunnar Grønlund

**Design:**  
Tyde: Bendik Schøien

**Trykk:**  
Kai Hansen Trykkeri

**Opplag:**  
16 100

**Gavekonto:**  
3000 14 57922

**VIPPS:**  
19013



Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon med et særskilt fokus på trosfrihet.

Synspunkter i artikler står for forfatteres og intervjuobjekters regning. Stefanus-alliansens meninger kommer til uttrykk i artikler skrevet av staben.

Vi følger personopplysningsloven.

**Magasinet kommer gratis sju ganger i året.**  
Bestill med SMS:  
MAGASIN til 2377 eller  
post@stefanus.no

Tilgjengelig som podkast. Kontakt KABB:  
kabb@kabb.no

[www.stefanus.no](http://www.stefanus.no)  
f/stefanusalliansen  
@stefanusalliansen

# SØK FREDEN

Midt i ein grufull Ukraina-krig, som den russisk-ortodokse kyrkjeleiaren og mange prestar har støtta, kjem det fleire modige vitnesbyrd om motstand.

■ Den 8. mai, dagen før Vladimir Putin feira sigeren over Hitler med ein gigantisk militærparade, arresterte politiet i St. Petersburg den russisk-ortodokse presten Nikita Rezyukov utanfor Kazan-katedralen.

Presten bar, skriv Forum18 News Service, ein plakat med eit vers frå Salme 34: «Vend deg bort frå det vonde og gjer det gode. Søk fred og jag etter han!» For president Putins politi var dette kriminelt. Rezyukov vart sikta for «å diskreditera (...) dei væpna styrkane».

## Eit fredsvers frå Salme 34

Presten Nikolay Platonov frå Chelyabinsk var ein av dei prestane som i mars signerte eit opprop mot krigen. Platonov la ut ein YouTube-video som kritiserte patriark Kirill for å ha «velsigna krigen i Ukraina». Paltonov fortel at bispedømmet hans har lagt press på kyrkjedane for å få dei til å samla inn pengar til hæren. «Eg seier dette til dei som framleis kan sjå og høyra og som framleis har samvit: Spring, spring! Ein gal mann (...) sit ved makta og vil behalda makta for ein kvar pris.»

Nina Belyayeva er protestantisk kristen. Som medlem i kommunistpartiet vart ho

volt inn i kommunestyret i Semiluk sørvest i Russland, ikkje langt frå Donbass i Ukraina. I slutten av mars tok Belyayeva ordet. Ho kalla krigen eit krigsbrotsverk. Då andre representantar i sinne ropte at ho sette hæren i vanry, måtte Belyayeva gjenta:

«Ein kristen er ikkje ein som ber eit krossteikn. Ein kristen er ein som følgjer Kristus og som set Guds ord og Kristi autoritet mykje høgare enn autoriteten til presidenten. For ein kristen er Kristi autoritet viktigare enn meininga til patriarken.»

## «Ein sann kristen»

Belyayeva er under kriminaletterforskning, sikta for offentleg å ha spreidd falsk informasjon om hæren. Til den uavhengige avisa Moscow Times forklarar Belyayeva at dersom ho ikkje sa i frå, var ho ikkje «ein sann kristen og eit sant menneske». Fordi ho risikerte fengsel, har ho flykta frå Russland.

Desse modige stemmene vågar å seia at ei kyrkje må reisa seg i protest når makta er på djævelske avvegar. Det er ei propagandaløgn



Det er ei propaganda-løgn at Ukraina-krigen handlar om å gje tsaren det som tsarens er.

at Ukraina-krigen handlar om å gje tsaren det som tsarens er. Vi seier i staden med salmisten: «Vend deg bort frå det vonde og gjer det gode.» ■



**Johannes Morken**  
Redaktør

# I IRAK FORSTOD HAN KROSSEN

Då Tom Holland i Irak oppdaga at IS hadde krossfesta jesidiar, forstod han i sitt hjarta kva historia om Jesus på krossen handla om.

INTERVJU: JOHANNES MORKEN



På klosteret Mar Mattai møtte Tom Holland munken Yusuf, som var klar til å bli martyr då IS nærma seg. Foto: Pål Brenne

■ – I Irak opna det seg ei eksistensiell gru, seier Tom Holland til Magasinet Stefanus. Den kjende britiske historikaren har skrive ein serie bøker om Romarriket.

– For IS var krossen eit symbol på makt til å torturera og drepa dei svake, slik det var for romarane 2000 år tidlegare. I kristendomen er krossen derimot eit symbol på den svake sin triumf over dei mektige. Først i Irak forstod eg dette djupt i hjarta mitt, seier Holland.

### Klar for martyriet

I 2016 drog Holland med den britiske TV-kanalen Channel 4 til Irak. Det var to år etter at IS starta bygginga av kalifatet med blodige angrep på minoritetar. Sjølv om IS nyleg var nedkjempa i områda Holland besøkte, var IS framleis ei farleg kraft.

Den første staden Tom Holland kom til, var klosteret Mar Mattai i Nord-Irak. Sidan 300-talet har klosteret klamra seg til fjellsida over Ninivesletta. Frå klosteret kunne Holland sjå landskapet der IS bygde kalifatet og sjå storbyen Mosul som IS overtok i juni i 2014. IS nådde aldri Mar Mattai fordi kurdiske styrkar stogga fleire IS-angrep på sletta like nedanfor klosteret.

I Mar Mattai møtte Holland munken Yusuf. – Yusuf fortalte meg historia om den yngre broren som gifta seg og fekk familie. Yusuf som hadde valt å bli munk, følte seg litt arrogant i møte med broren som ikkje hadde overgitt livet sitt til Gud slik han sjølv hadde gjort. Men så vart broren drepen. Familien

“ I Irak opna det seg ei eksistensiell gru for meg.

Tom Holland

hans hadde ingen til å ta seg av dei. Yusuf gjorde det. Han fortalte oss at dette var Guds måte å minna han på å ikkje vera arrogant fordi han var munk, fortel Holland.

I eit foredrag for Open Doors i London i 2021 sa Holland at aldri før har ei historie fått slik effekt på han som historia til Yusuf.

– Drapet på broren hans var berre ein del. I 2016 hadde munkane på Mar Mattai i to år



Denne gamle kyrkja i Sinjar vart knust av IS. Foto: Shutterstock



I boka «Dominion» forklarar Tom Holland kor avgjerande kraft kristendomen har vore for å skapa vestlege samfunn.  
Foto: Little Brown

vore klare til den dagen IS kunne koma opp fjellsida. Dei visste kva lagnaden deira ville vera, seier Holland. Til Magasinet Stefanus fortalte Yusuf sjølv i 2018 at han var klar til å bli martyr dersom IS nådde klosteret.

### Folkemordet

Fra Mar Mattai drog Holland til Sinjar. Den sentrale byen for jesidiane i Irak vart okkupert av IS i august 2014, då IS drap tusenar. Få veker før TV-teamet kom, hadde kurdiske styrkar teke tilbake Sinjar. Byen låg framleis i ruinar. Holland såg restar av døde kroppar.

I Sinjar var det også ei kyrkje, bygt av overlevande fra folkemordet på armenarane. IS hadde brukt tungt utstyr for å knusa alteret.

– Men verre enn IS-forfølginga av kristne, var forfølginga av jesidiane. Medan kristne blei rekna som «eit folk av Boka», viste IS ingen toleranse med jesidiane. Dei vart ikkje berre sett på som heidningar, men som djeveldyrkjarar. Kvinner og jenter ned til åtte år vart samla saman. Dei mest attraktive vart selde til sex-slaveri. Dei andre vart skotne. Menn vart slakta. Mange vart krossfesta. Vi såg beinrestar, hår og klede i døds-sona mellom den kurdiske frontlinja og IS-krigarane, fortel Holland.





### Holland blei skamfull

For ein som hadde studert Romarriket inngående, vart opplevinga sterk:

– Abstrakt hadde eg forstått at kvar gong romarane tok ein by, vart kvinner slavar og menn krossfesta. Det er sagt om Cæsar at han slakta ein million gallarar og gjorde ein million til slavar. I Sinjar vart eg skamfull over min manglande historiske empati. Og eg kjende skam over at eg ikkje hadde interessert meg for kva som hende etter Cæsar.

Då Tom Holland stod i Sinjar, innsåg han at menneske også i vår tid blir hengde på krossar og gjorde til kjøtstykke.

– Sett med romerske augo: Lidinga vart påført dei lågaste av dei låge. Slavar og rebellar vart krossfesta ikkje berre fordi det var ein grufull smerte som varte i timevis, men også fordi lidinga var offentleg. Folk kunne håna den krossfesta medan fuglar flokka seg om krossen.

Holland seier at i Sinjar såg han at for IS var krossen det same som for romarane:

– Kroppen til ein krossfesta var for romarane ein reklameplakat for den retten og plikta dei meinte dei hadde til å utsetja folk som gjorde motstand for ufattelig smerte, seier han og legg til:

– Men for meg som har vakse opp i eit grunnleggjande kristent samfunn, er krossen eit symbol på at den makteklause sigrar over det maktapparatet som dømde. I alle åra eg har arbeidd med Romarriket, har eg forstått i hovudet mitt kva maktsymbol krossen var. Men eg hadde ikkje følt det djupt i hjarta mitt. Sinjar, byen der IS gjorde kvinner til slavar og krossfesta menn, opna for meg ei eksistensiell gru, seier Holland.

– Av alle ting er krossen blitt det mest kjende av alle symbol som nokon kultur har produsert. Eg innså i Sinjar dessutan at det er kulturelt betinga at krossen symboliserer at den svake triumferar over dei sterke.

### Frå sjokk til bedøving

Holland fortel at i dei første hundreåra av kristendommen var det sjokkerande at ein som var guddommeleg, var blitt krossfest. Han les Paulus slik at Paulus følte seg flau over «ein slik galskap».

Først i Middelalderen vart krossen med den lidande Kristus eit sentralt symbol i kyrkjekunst og kristen truspraksis. Opp mot vår moderne tid blei så kulturen vår etter kvart bedøvd av historia slik at vi byrja å bruk krossen som eit smykke.

Men filosofen Friedrich Nietzsche (1844-1900) avskydde kristendomen «av den same grunnen som Paulus vart slått til jorda av den», ifølgje Holland.

– Han forakta den svake sin triumf over den sterke. Han meinte at alle kristne som var opptekne av å tena dei fattige, demonstrerte at kristendommen var blitt ein



I Sinjar vart eg skamfull over den mangelen på historisk empati som eg hadde vist.

*Tom Holland*

slavereligion. Nietzsche spådde at den dagen ville koma då terror og blod ville transformera alt, seier Holland.

### Nazistane avskydde Jesu lære

Han legg til at Nietzsche ikkje kunne vita at fascismen ville veksa fram på 20- og 30-talet. Nazismen hata ikkje berre den institusjonelle kristendomen. Nazistane hata dei sentrale doktrinane, særleg at Jesus hadde døydd på krossen og stått opp igjen – for mann og kvinne, for slave og fri, for jøde og grekar, fordi alle hadde same verdi.

– Nazismen avviste dette totalt. Nazismen held fast på at jødar og grekarar er ulike. Nazismen dyrkar den sterke. Dei svake skal knusast.

I vest lever vi mindre i skuggen av krossen enn av Holocaust, meiner Holland. Hitler er ein tydelegare figur enn djævelen, holocaust ei sterkare forestilling enn helvete.

– Men dette viser ikkje at kristendomen blir svekka. Vi definerer nazismen som vondskap nettopp fordi våre standardar for godt og vondt er kristne. Nazismen sjokkerte oss fordi den trakka på 2000 års kristen lære.

Holland seier at dersom folk i Vesten skal bli rekristna, må dei bli minna på nyt om at verdiane og instinkta våre er djupt rotfesta i historia om Jesu død på krossen og oppstoda.

– Kristne må minna seg på kor rart det er det dei trur på. Dette manglar både i kyrkjer og i sekulær humanisme i vest, medan kristne andre stader i verda er viljuge til å lida og døy for denne historia. Eg måtte dra til Irak for å sjå dette mørket rett i andlet og verdsetja det. Der innsåg eg at nærmast alle dei verdiane som eg har, er så sterkt prega av den kulturen eg lever i, seier Tom Holland.

### «Våre verdiar er ikkje universelle»

– *I norsk debatt får vi straks høyra at kristne ikkje må ta monopol på menneskerettar og demokrati?*

– Det er kulturell arroganse. Europeisk og vestleg overherredøme dei siste to hundreåra har fått oss i vest til å tru at verdiane våre er universelle. Spørsmålet om menneskerettar er eit klassisk døme. Menneskerettar er like teologisk baserte som trua på at Jesu stod opp den



Dusinvis av jesidiar gravlagde på gravplassen i Sardashti-leiren i Sinjar. Foto: Shutterstock

tredje dagen. Men Vesten har hatt eit så sterkt kulturelt hegemoni at vi har fortrengt dette. Når vestleg makt og kulturell autoritet no er på retrett, vil folk i Vesten oppdaga at verdiane våre er kulturelt betinga og ikkje absolute.

– *Kven ber krossen i Ukraina? Patriark Kirill som forsvarar krigen, eller dei kristne som blir bomba?*

– For meg er det klart at dei som lid, ber krossen, svarar Holland.

– Men både det romerske, russiske, britiske og amerikanske imperiet har definert seg som kristne. Det har vore ei ibuande og undergravande side ved kristendomen at det sentrale symbolet for kristendomen i utgangspunktet var eit symbol for statleg makt. Det paradokset kjempar vi med. Men for meg står det klart at dei som lid under dei russiske soldatane, er dei som er på Kristi side i Ukraina.

#### Frå krosstog til Irak-krigen

– *Mine vener i Irak er fortvilte over krigen i Ukraina, men like fortvilte over USAs krig i Irak?*

– Det er forskjell på USAs krig i Irak og Russlands krig i Ukraina. Russlands krig er nakent nasjonalistisk. Ein

“

Eg trur at når vestleg makt og kulturell autoritet no er på retrett, vil folk i Vesten oppdaga at verdiane våre er kulturelt betinga og ikkje absolute.

Tom Holland

av drivarane for USAs krig i Irak var olje. Men det ville vore meiningslaust å nekta for at krigen også var djupt ideologisk, ein kamp for det gode mot det vonde. Igjen er vi ved paradokset. Krigen i Irak var kledd opp i menneskerettar, impulsen var djupt kristen. Dei to leiarane som var sterkest engasjerte for krigen, George W. Bush og Tony Blair, er begge djupt truande kristne.

– *Mine kristne vene i Irak meiner at dei to skada kristendommen?*

– Heilt sidan krosstoga har vi sett den vestlege følesen av ansvar for å reinsa verda, tidvis med militær makt. Banda frå krosstoga er klare, svarar Holland. ■

# ‘FOLKEMORDET TEK IKKJE SLUTT’

– Folkemordet mot jesidiane  
tok ikkje slutt i 2014, seier lege  
Naghm Hasan i Irak.

—  
TEKST: ELISA CHAVEZ, IRAK, OG JOHANNES MORKEN



Naghm Hasan kjempar for jesidiane som overlevde folkemordet. Foto: Dalia Naber

■ **Naghan Hasan** er sjølv jesidi og har brukt all tida sidan august 2014 på å hjelpe jesidikvinner og -barn som overlevde folkemordet.

– Vi treng meir støtte frå det internasjonale samfunnet for å gje håp, seier Hasan.

IS-krigarar angrep jesidiane på Sinjarfjellet i Nord-Irak i starten av august 2014. Meir enn 3000 vart drepne og over 6000 tekne til fange. Kvinner vart gjorde til sexslavar. Barn vart tvinga til å verta soldatar for dei svartkledde.

Meir enn 450 000 av dei 600 000 jesidiane i Irak blei fordrivne av IS. I Sinjar, hovudområdet for minoriteten, budde kring 400 000 før IS slo til. Dei jesidiane som ikkje vart drepne eller tekne til fange, flykta og sökte tilflukt der dei kunne, først og fremst i den sjølvstyrte kurdiske regionen i Nord-Irak. IS tok kontrollen over områda som jesidiane flykta frå.

### Ruinar og militære angrep

Sjølv om IS her vart nedkjempa i 2016, er det mange stader svært vanskeleg å venda tilbake. Mange område ligg i ruinar, og området er prega av militære trefningar.

Den kurdiske PKK-militisen, som Tyrkia stemplar som terroristar, har basar her. Den tyrkiske hæren har dei siste månadane trappa opp angrepa mot PKK i Nord-Irak. I tillegg er det trefningar mellom den irakiske hæren og ein jesidi-milits, melder Al-Monitor.

Dei fleste offera er også her sivile. I 2021 skreiv New Statesman at 60 prosent av ofra for tyrkiske angrep sidan 2017, då våpenkvila mellom PKK og den tyrkiske hæren braut saman, var sivile.

I åra sidan IS blei nedkjempa, har knapt 30 prosent av jesidiane vendt heim. Ifølgje FN-statistikk har kring 120 000 av 400 000 prøvd å byggja oppatt nye liv der dei vart fordrivne frå.

Men tyrkiske angrep har gjort at heimvendinga i fjor gjekk dramatisk ned, melder The New Humanitarian. «Det einaste vi verkeleg er redde for, er den tyrkiske hæren. Alle her er redde for tyrkiske luftangrep», seier ein jesidi-mann i Sinjar.

### Utan håp i leirar

Det siste halvåret i 2020 drog 38 000 heim. Men frå februar 2021 og til slutten av fjoråret drog mindre enn 5000 heim.

– Framleis lever godt over 250 000 jesidiar i leirar for internt fordrivne i Irak. Det store fleirtalet av jesidiar frå Sinjar bur framleis i leirar. Fleire hjelpeorganisasjonar har sluttat å støtta jesidiane i leirar. Dei har meint at vi burde stengja leiran og senda folk heim. Men det kan vi ikkje. Det er ikkje trygt. Store område ligg i ruinar og er utan viktige tenester som trengst for at folk skal kunna klara seg, seier Naghan Hasan.

Ho opplever også at mange unge jesidiar ikkje ønskjer å dra heim til Sinjar. Dei ser inga framtid der.



Framleis lever godt over 250 000 jesidiar i leirar for internt fordrivne rundt om i Irak. Dei slit med å sjå håp.

*Naghan Hasan*

I leirane har legar som Hasan også kjempa mot pandemien, med liten sjanse til å få folk til å halda avstand som kunne hindra smitte.

Naghan Hasan har arbeidd for å berga overlevande jesidi-kvinner. Ho har også hjelpt gutar som i 2014 vart tvinga til å vera IS-krigarar.

– Dei var hjernevaska. Vi måtte senda fleire gutar og familiene deira til rehabilitering i Europa og Canada, der kunne hjernane deira bli endra, seier Hasan.

### Islamisk lov tek religionen frå folk

Mange av jesidikvinnene som vart tvinga til sexslaveri, fekk barn med IS-krigarar. Hasan har møtt mange som reiste frå barna sine i Syria, dei orka ikkje ta med heim barn av menn som hadde drepe jesidiar.

– Men nokre av kvinnene aksepterte barna dei hadde fått, fortel Hasan.

Men dette er svært krevjande. Fordi irakisk lov er islamisk lov, blir barn med ukjent far automatisk registrerte som muslimar. Og sidan barnets religion er islam, vert religionen til mora også automatisk endra til islam. Dersom ho tidlegare hadde fått barn med ein jesidi-mann, får også desse barna endra sin religion til islam, fordi mora sin religion blei endra.

– Dette er islamisk lov, og den får vi ikkje endra, seier Hasan.

Naghan Hasan har vore med på etableringa av to senter for overlevande etter folkemordet. Her kjem ho som lege også tett på jesidikvinner og -menn som vel å ta sitt eige liv, og påørande. Det har vore ein merkbar auke i sjølvord både blant kvinner og menn.

– Mange mista familien då IS angrep i 2014 og mista den som sikra dei eit levebrød. Fattigdomen er blitt forsterka under pandemien. Framleis er det 2700 sakna, seier Hasan.

### Krev dom for folkemord

Ho meiner det internasjonale samfunnet i altfor liten grad har stilt opp for å hjelpe jesidiane på fote igjen.

– Det er diverre ikkje utsikt til at IS-krigarane vert stilte til ansvar slik at jesidiane får rettferd, seier Hasan, som fortel om funn av massegraver.

Ein tysk domstol dømde i november i fjor ein tidlegare IS-krigar for deltaking i folkemord mot jesidiane.

– Det var eit framsteg. Vi håpar at domstolar i fleire land dømmer folk for deltaking i folkemordet, seier Naghan Hasan. ■



Tenning av lys utanfor ei kyrkje i Erbil.

# HJELPER BARN OG MØDRER ETTER IS



Deltakarane på workshop i Erbil drog ein av dagane til jesidi-tempellet i Lalish.



På besøk i Lalish, tempelet til jesidiane.



Bøn i kyrkje i Erbil i Nord-Irak.

Tenning av lys utanfor ei kyrkje i Erbil.



Mødrer og barn som slit med traume etter IS-terror og krig, får hjelp til ei ny framtid.

FOTO: DAILA NABER

■ **Sjølv om tusenvis** av irakiske kvinner og barn er prega av traume frå krig, IS-terror og pandemi-stengte samfunn, er barn og kvinner ofte gløymde i tiltak mot pandemien og i forsoningsarbeid.

Stefanusalliansens partnar Masarat gjennomfører med vår støtte workshops i fleire byar, med informasjon og dialog om fredeleg sameksistens. Kvinner og barn frå ulike religiøse grupper er med.

Så langt er det halde samlingar i Bagdad, Erbil (hovudstad i den sjølvstyrte kurdiske regionen i nord) og i Basra i sør. I Erbil var 50 mødrer og 67 barn med, i Bagdad var 50 mødrer og 58 barn med. I Bagdad og Erbil var det med kristne, muslimar, jesidiar, mandearar og zoroastistar. ■

*Wagma Feroz intervjuer en av kvinnene til filmen hun laget om selvmord og selvmordsforsøk blant kvinner. Foto: Aftab Khan*



# STÅR OPP MOT VOLDENS MAKT

*Wagma Feroz får overrakt Stefanusprisen 2022 av biskop Ingeborg Midttømme.*

*Foto: Johannes Morken*



Hun kjemper for kvinners rettigheter og for trosfrihet i et område av Pakistan der Taliban sprengte skoler for å skremme jentene vekk fra utdanning.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **På scenen** på Continental hotell i Oslo 24. mai. Wagma Feroz (31) skal takke for Stefanusprisen 2022. Hun har hørt rosende ord om sitt modige arbeid for å bygge broer og nedkjempe fordommer der menn har all definisjonsmakt.

Feroz tar til tårene. Hun forklarer at hjemme i Pakistan er det ikke mye støtte å få. Hun blir følelsesmessig berørt når internasjonale venner verdsetter innsatsen hennes.

– Jeg har bare gitt mitt bidrag til en bedre verden, sier hun.

#### Takker sin far

Feroz vokste opp i den fattigste provinsen i Pakistan, i et stammeområde i nordvest, på grensa mot Afghanistan. Da hun var liten, fantes ingen skoler i hennes landsby. Hun måtte langt for å finne en barneskole. Ungdomsskoler og videregående fantes ikke. Mange lot uansett ikke jenter få mer enn de første årene på skolen. Fra Wagma var 10, måtte hun som andre jenter dekke til ansiktet ute. Jenter kunne ikke gå på markedet alene.

– Det hendte jeg kledte meg som en gutt, for å få friheten som gutter har. Da min far kjøpte sykkel til min yngste bror, lånte jeg den i hemmelighet. Men en gang kastet gutter steiner etter meg så jeg falt av sykkelen og ut i elva.

Men Wagma takker sin far. Han ville at hans fem døtre skulle få utdanning. Da hun var ferdig med grunnskolen, flyttet familien til byen Peshawar. Der er det muligheter for

#### ■ **Stefanusprisen**

- Opprettet av Stefanusalliansen i 2005.
- Deles ut hvert andre år til en eller flere som har gjort en ekstraordinær innsats for trosfriheten og beslektede menneskerettigheter.
- Priskomiteen velges av styret i Stefanusalliansen.
- Har flertall av eksterne medlemmer.
- Ledes av biskop Ingeborg Midttømme. Øvrige medlemmer: Erling Rimehaug, Dag Inge Ulstein og Ingvill Thorson Plesner.
- Prisen er på 10 000 euro og et diplom.

utdanning. Han oppmuntrerte henne også til å arbeide for andres rettigheter.

#### Sprengte skoler

I 2005, da Wagma var 14, etablerte Taliban-ledelsen seg i Swat-dalen. I 2007 tok terrorbevegelsen full kontroll. Taliban sprengte kjente kulturelle minnesmerker, teater og skoler der det gikk jenter.

– De ville skremme jentene vekk fra skolegang, sier Feroz.

Da hun noen år senere gikk på universitet, dro Feroz til landsbyer for å hjelpe jenter i ødelagte skolebygninger. Hun ville oppmunstre foreldre til å sende jentene på skolen. Men det var blitt meget vanskelig. Langt færre jenter går på skole nå enn før, selv om Talibans fysiske kontroll ble slått tilbake.

Feroz valgte å studere psykologi for å kunne forstå mennesker og slik bedre kunne arbeide for deres rettigheter.

– Jeg vil endre det patriarkalske tankesettet. Jeg er svært privilegert, med foreldre som støtter meg. Mange har ikke det privilegiet.





Wagma Feroz lytter til kvinner og taler deres sak. Foto: Privat.



### Giftet bort tidlig

Jentene rundt henne ble gift tidlig, hennes kusine da hun var 11. Noen blir giftet bort allerede når de er 8. Wagma sier at hun var beskjeden da hun gikk på videregående. Hun dekket ansiktet med et sjal, slik alle jenter måtte, gikk på skolen og så rett hjem.

Men de fire årene på universitet gjorde Wagma urolig. Venninnene som bodde på internat, ble trakassert på veien. Også medstudenter slengte skjellsord.

– Men de kunne ikke snakke om det hjemme, da ville de bli nektet å fortsette utdanningen. Foreldrene ville tenke at de brakte skam over familien.

Det første Feroz gjorde, var å lage diskusjonsgrupper. Hun fikk med mannlige studenter.

– Vi må arbeide med menn. Det er menn som setter grensene for kvinnene. Det var svært vanskelig, men også fruktbart, sier hun om disse fokusgruppene.

### Tusen teaterstykker

En internasjonal organisasjon lærte så Feroz å sette opp teater.



Noen skriver at de vil drepe meg dersom jeg ikke slutter.

Wagma Feroz

– Menn føler seg ikke så truet i møte med et teaterstykke som i møte med en kvinne som forteller dem noe, sier hun.

Feroz har satt opp mer enn tusen gateteater – i basarer og på torg. Hun fikk menn til å spille kvinneroller. Kvinner kan ikke opptre offentlig. Hun satte også opp teater på religiøse skoler, madrassaer.

– Det var krevende og farlig i møte med de mest konservative. Men jeg så endring.

Feroz satte opp egne forestillinger innendørs for kvinner.

### Økning i selvmord

Men i 2019 var Feroz sliten og trengte avkopling. Hun fikk jobb på en lærerskole i Beijing. Men etter ett år kom pandemien. Feroz mistet jobben. Hjemme lurte hun på hva hun nå kunne gjøre.

Feroz begynte å intervju kvinner. Hun arbeidet frilans for blant annet BBCs pashtun-avdeling. Feroz oppdaget at omfanget av selvmord hadde økt kraftig etter at de militante gruppene hadde invadert området. Etter lengre tids undersøkelse laget Feroz åtte intervjuer med kvinner som enten hadde pårørende som hadde tatt sitt eget liv eller som selv hadde forsøkt.

– Jeg møtte kvinner som var blitt gift da de var 9 eller 11 eller 13 år, og som måtte ta ansvar for en hel storfamilie da mennene av ulike grunner forsvant. En kvinne på 18 hadde tatt sitt eget liv da hun var syv måneder gravid. Svingermoren beskyldte henne for å ha forhold til andre menn mens hennes egen mann var utenlands. Den gravide orket ikke mer. En kvinne må bære hele familiens

“

Jeg møtte kvinner som var blitt gift da de var 9 eller 11 eller 13 år, og som måtte ta ansvar for en hel storfamilie.

Wagma Feroz

ære. Når noen anklager en kvinne for å bringe skam over familien, har hun ingen sjanse til å forsøre seg.

En annen kvinne prøvde tre ganger å ta sitt eget liv. Hennes voldelige mann satt hjemme og nektet henne å arbeide. Kvinnen hadde ingen mulighet til å skaffe sine åtte barn mat. Hun orket ikke å se dem lide.

– Å ta sitt eget liv så ut som den eneste utveien, sier Feroz. Det ble hennes første dokumentar på video.

### Film når langt

Feroz så at hun kunne nå mye lengre dersom hun tok i bruk film og sosiale medier. Også folk i stammeområder bruker internett. Feroz fant selv på internett ut hvordan hun kunne filme og publisere i sosiale medier. Den første filmen var altså om selvmord.

